

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø

Søknad om tilskot til dekking av eit eventuelt underskot

Festkonsert for Magnar Mangersnes

Søndag 16. september 2018 kl. 19.00 i Knarvik kyrkje

Tidlegare domkantor i Bergen domkirke, dirigent for Bergen domkantori og Bergen oratoriekor fyller den 31. oktober 80 år. Han vil bli hylla på ein stor konsert i Knarvik kyrkje, der musikarar og songarar som har stått han nær og samarbeidd med han, vil ta del. Mellom anna vil ei rekkje songarar frå tidlegare Bergen Domkantori ta del i konserten.

Av programmet kan vi nemna komposisjonar av J. S. Bach, E. Grieg, K. Nystedt og urframføring av eit nyskrive korverk med tekst av Arve Brunvoll og musikk av Kjell Mørk Karlsen. Dirigent for felleskoret vert Håkon Matti Skrede. Dagens domkantor Sigurd Øgaard vil og ta del, samt musikarar, solistar og Alversund kammerkor.

Magnar Mangernes er fødd på Radøy, hadde ungdomsåra på Frekhaug der han etter kvart vart organist i Meland kyrkje og dirigent for musikkorpset Skala. Han var også ei tid timelærer ved Nordhordland folkehøgskule.

Etter ferdig utdanning og organistpraksis i Ytre Arna og Laksevåg vart han tilsett som domkantor i Bergen domkirke. Alt tidleg i si teneste der stifta han Bergen domkantori og Bergen oratoriekor. Andre arbeidsfelt var m.a. dirigent for Harmoniens kor, Bergen lærarskules kor, undervisning i kordireksjon ved Grieg-akademiet, konsulent og rådgjevar i orgelspørsmål i Bjørgvin bispedømme.

Nordhordlandskommunane har hatt stor glede og nytte av hans kyrkjemusikalske kompetanse:

- som orgelkonsulent for Austrheim, Fedje, Sandnes, Hordabø, Manger, Sæbø, Meland, Lindås, Seim og Myking kyrkjer

– kurshaldar og inspirator for lokale kor som Seim songlag, songkoret Alvit/Manger og Alversund kammerkor.

For heile hans enorme kyrkjemusikalske innsats gjennom mange år vil vi - ei arbeidsgruppe saman med Alversund kammerkor – takka og hylla Magnar Mangersnes no når han fyller 80 år ved å arrangera denne konserten.

Økonomi: sjå Budsjettframlegget

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit budsjett der nokre av utgiftspostane er svært låge. Mange av aktørane på konserten er profesjonelle musikarar som tidlegare har hatt eit nært samarbeid med Magnar Mangersnes. Honoraret til dei er nærast symbolsk. Påmeldte korsongarar, 80 stk, betaler sjølv ein god del.

Så håpar vi på at minst 300 betalande personar kjem på konserten.

Arbeidsgruppa søker med dette våre tre kommunar: Lindås – Meland – Radøy – om tilskot til dekking av eit eventuelt underskot.

På førehand takk!

Helsing arbeidsgruppa for festkonserten

Arvid Sakseide

Odd Leif Mjøs

Kari Anne Iversen

Ragnhild Øverland Arnesen

Gunnar Hageberg

Knarvik den 13. august 2018

Bu
dsj
ett
fra
ml
eg
g

Tekst	antal	a kr	totalt kr
Utgifter:			
Musikere	20	-2000.00	-40 000,00
Solister	8	-2000.00	-16 000,00
Lokaleleige 3000 + 15% billetttinntekt			-14 250,00
Reiseutg musikere/solistar			
Blomster			-3 000,00
Annonser			-10 000,00
Notar	80	50	-4 000,00
Andre utgifter			-3 000,00
Mat			-16 000,00
Reiseutgifter komponist			-5 000,00
Totale utgifter			<u>-111 250,00</u>
Inntekter;			
Billettsalg	300	250	75 000,00
Deltakeravgift	80	200	16 000,00
Tilskot frå kommunar, ev. ande			?
Førebels underskot			20 250,00